

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 7-2015
Tid: Fredag 4. desember kl. 11:00 - 14:30
Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, møterom

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland, Jon Askeland, Per Lerøy, Astrid A. Byrknes (sak 49-52/15), Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Tom Kristian Thorsen (sak 49-52/15), Nina Bognøy (varaordfører Lindås - sak 52-58/15)
Rådmenn:	Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Svein Helge Hofslundsengen, Jan Olav Osen, Hogne Haugsdal, Øivind Olsnes (sak 49-52/15)
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss (sak 52/15), Tonje Husum Aarland (sak 53/15), Anne Hildegunn Færøy (sak 55/56)
Andre:	Landbrukssjef Meland og Modalen: Laila Bjørge (sak 53/15) Skysst: Vigdis Bjørgo og Gudrun Einbu (Sak 54/15)
Forfall:	Ørjan Raknes Forthun, Odd Ivar Øvregård, Reidun Halland, Jarle Landås

Sak 49/15	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 50/15	Godkjenning, protokoll møte 6-2015 Møteprotokoll frå møte 6-2015 vart godkjent utan merknadar.
Sak 51/15	Status Region Nordhordland Helsehus Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit gjorde kort greie for status for arbeidet med Region Nordhordland Helsehus. Skisseprosjektet vart framlagt for styret, styringsgruppa og brukargruppa mandag 30. november. Skisseprosjektet baserer seg på innmeldingar frå brukargruppa (leigetakarar) og eit utkast til bygg er plassert på tomte innanfor krava som ligg i områdeplanen. I forprosjektfasen må alt knaast ned og arealoptimaliserast. Dette er fyrst og fremst leigetakarar sitt ansvar, men byggherre vil fylgja dette tett opp, ikkje minst med tanke på fellesareal med vidare. Det er heller ingen tvil om at områdeplanen og infrastrukturen rundt bygget påfører prosjektet store utfordringar med framdrift og praktiske problemstillingar, og forholdsvis store og til foreløpig usikre kostnader. Styringsgruppa skal handsama om ein går vidare til forprosjekt 14. desember og styret 16. desember.
Sak 52/15	Kommunereform. Vidare oppfølging, milepælar og tidsplanar Prosjektleiar Bent Gunnar Næss la fram ein plan for oppfølging av kommunereformprosjektet i regionen. I Regionrådet sitt møte 30.11.15 (sak 47/15) var tilrådinga at forhandlingane i «sør» og «nord» vert gjennomført så raskt som mogeleg og innan midten av februar. Det store Nordhordlandsalternativet skal då vurderast på nytt.

	<p>For å sikra at ein kan få til reelle vurderingar av det store Nordhordlandsalternativet vart det lagt fram ein tidsplan der dei viktigaste datoane er følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Nordhordland ein kommune – symposium 29.02. – 02.03. (vurdering av det store Nordhordlandsalternativet) ▪ Intensjonsavtale – ferdig 14.03. ▪ Kommunestyra – tilråding – vedtak om høyring innan 15.04. ▪ Høyring av folket - mai ▪ Nordhordlandsting – presentasjon av resultat høyring 06.06. ▪ Kommunestyra – vedtak 22.06. <p>Det vil vera ein stor fordel om kommunane i regionen hadde ei samordna syn på korleis folket skal høyrast. Det bør også vera ein plan på korleis det skal gjennomførast.</p> <p>I tillegg til dette vart det også foreslått at ein skulle ha eit Nordhordlandsting i januar der konsekvensane av forslaget til eit nytt inntektssystem kunne vere tema. NUI har også andre større saker som burde vore tatt opp i eit ting i næraste framtid.</p> <p>Prosjektlear fekk i oppdrag å sjå på konsekvensane av forslaget til nytt inntektssystem som regjeringa skal senda ut på høyring før jul. Det vil då bli sett på konsekvensane for kvar einskild kommune, og for dei tre alternativa (sør, nord og Nordhordland). Utgreiinga skal vera klar innan midten av januar.</p> <p>Vedtak: Regionrådet slutta seg til den tidsplanen som vart lagt fram for kommunestrukturprosjektet.</p>
<p>Sak 53/15</p>	<p>Prosjekt «Jordmasse frå problem til ressurs – ta vare på matjorda». Laila Bjørge og Tonje orienterte om status for prosjekt «Jordmasse frå problem til ressurs – ta vare på matjorda» (vedlegg). Sentrale spørsmål er: Kvifor ta vare på jordmassane og utvikle jordbruksareala? Korleis nytta massar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn på ein god måte for innbyggjarar og miljø?</p> <p>Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunane Lindås, Austrheim og Meland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS, og har fått prosjektmidlar frå fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, og ein del av klimaplan for Hordaland. Regionrådet prioriterte søknaden i samband med handsaming av prioritering av skjønsmidlar 2015.</p> <p>Prosjektet sitt overordna mål er å nytta massar frå utbygging som ressurs til nytte for matproduksjon/ landbruk og samfunn på ein måte som førebygg konflikter med innbyggjarane og miljøet. Prosjektet passar veldig bra inn under paraplyen til prosjekt Nordhordland Biosfæreområde og måla som ligg i det prosjektet.</p> <p>To strategiar ligg til grunn for prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ På bakgrunn av eksisterande kunnskap og utfordringar framover, utarbeide ein rettleiar for massehandtering i regionen knytt til offentleg rettsleg handsaming ▪ Kompetanseoppbygging gjennom kurs for grunneigarar og entreprenørarar og seminar for forvaltninga <p>Fleire aktivitetar er gjennomført, bl.a. miniseminar i november for målgruppa i kommunane i regionen. Rettleiar skal etter planen vera ferdig 1. mars 2016, og det skal gjennomførast kurs og seminar for forvaltninga i den samanheng.</p> <p>Det kom fram positive tilbakemeldingar frå medlemmer i Regionrådet om at dette er svært viktige tema og at dette må passast inn i overordna planar.</p>

<p>Sak 54/15</p>	<p>Regionstamlinje Nordhordland. Skyss Vigdis Bjørge frå Skyss orienterte om bakgrunn og planar for omlegging av rutetilbod på strekninga Bergen-Nordhordland.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kollektivstrategi for Hordaland og tilhøyrande handlingsplan er styringsverktøy for Skyss i planlegging av kollektivtilbodet. Kollektivstrategien peiker på regionstamlinjer som ei viktig satsing, og slår fast ei rekkje grunnprinsipp for korleis kollektivnettet skal utviklast. ▪ Handlingsprogram for 2015-2018 peiker ut strekninga Bergen – Nordhordland som første regionstamlinje. Desse dokumenta kan finnast på nettsida skyss.no/rapportar. <p>Forslaget til opplegg for regionstamlinja var sendt ut på førehand, og vart kort presentert.</p> <p>Tilbakemeldingar frå kommunane:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Positivt med samheng mellom Frekhaug og Knarvik ▪ Fulle busser frå Frekhaug, passasjerar burde sleppe bytte på Flatøy ▪ Ekspressavgangar (300E) vil bli viktig ▪ Positivt med nye matelinjer til snøggåten ▪ Positivt med kortare reisetid Knarvik-Bergen busstasjon <p>Medlemmane i Regionrådet hadde fleire innspel som er relevante til arbeidet med trafikkplan for Nordhordland. Kommunane vil bli involvert også i dette arbeidet.</p> <p>Informasjon om prosessen vidare:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ politisk handsaming av regionstamlinje Nordhordland <ul style="list-style-type: none"> ○ utval for miljø og samferdsel, 14. januar ○ fylkesutvalet, 28. januar ▪ iverksetting av regionstamlinja etter planen frå hausten 2016 ▪ trafikkplan Nordhordland – førebuing nytt bussanbod <ul style="list-style-type: none"> ○ regionstamlinje Nordhordland vil ligge til grunn ○ gjennomgå tilbodet i Nordhordland med omsyn til tilpassingar og forbetringar ○ dialog med kommunane i planarbeidet
<p>Sak 55/15</p>	<p>Kommunane sin representasjon i overordna samarbeidsutval for Nordhordland (SU) Anne Hildegunn Færøy informerte kort om overordna samarbeidsutval for Nordhordland (SU) og oppgåver som ligg til utvalet – og kommunane sin representasjon der. SU har om lag fire møte i året og er meint som eit strategisk utval.</p> <p>Overordna samarbeidsavtale mellom sjukehusa og 23 kommunar i Helse Bergen sitt føretaksområde vert lagt til grunn for arbeidet i utvalet. I samsvar avtalen skal den enkelte kommunane utpeika representant til SU. Representasjonen frå kommunane er fordelt mellom politikk, administrasjon og fag.</p> <p>Skifte av ordførarar i kommunane fører til at det også blir endringar i kommunane sin representasjon i SU. Regionrådet skal ikkje utpeika nye representantar, men kan koma med råd når det gjeld samansettinga av representantar frå kommunane slik at ein får samansetjing med representantar frå politikk, administrasjon og fag. Slik samansetjinga er no, så må Modalen og Osterøy velja nye representantar. Regionrådet meinte at kommunane som har leiar og nestleiar i Helseutvalet bør velja desse slik ein får ein gjennomgåande representasjon.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ber om at NUI førebur ei felles sak til alle kommunane vedr representasjonen i Samarbeidsutvalet i Nordhordland.</p>
<p>Sak 56/15</p>	<p>Plan vedr. utvalstruktur i Regionrådet og val til desse Rune Heradstveit orienterte om at ein i dag har ein struktur med tre underutval i Regionrådet som har eit særslikt ansvar for å følgja opp ulike satsingsområda. Det er Nærings- og samferdselsutval, Kulturutval, og Helseutval. Med bakgrunn i endra behov og endra</p>

	<p>utfordringsbilete for regionen og kommunane ser ein at det kan vera nødvendig å evaluera utvalsstrukturen, mål for arbeidet og kva ansvar kvart av utvala skal ha, og at ein vurderer samansetjinga av utvala.</p> <p>Heradstveit la fram forslag til vidare framdrift / vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Regionrådet ber dagens underutval ha ein gjennomgang og vurdering av eige arbeid, samt evaluera mandat, samansetting og måloppnåing. Dette kan gjerast ved møte, eller ved bruk av e-post / telefon. NUI tek initiativ til dette, og det må gjerast innan 16. desember. 2. NUI jobbar litt vidare med dette eit saksgrunnlag med forslag til organisering av utvalsstrukturen i Regionrådet i 2016-2019, og innhald i desse. Saksgrunnlaget kjem ut innan 15. januar. 3. Medlemmene i Regionrådet vert i saksgrunnlaget bedt om å velja kva utval dei ynskjer å jobba i. Tilbakemelding om dette går til NUI i forkant av neste Regionrådsmøte. <p>Vedtak: Regionrådet slutta seg til forslaget og ber NUI koma tilbake med saksgrunnlag med forslag organisering av utvalsstrukturen i Regionrådet i 2016-2019, og innhald i desse.</p>
<p>Sak 57/15</p>	<p>Møteplan 2016 Rune Heradstveit la fram forslag til møteplan for Regionrådet 2016. Denne vert sendt ut til medlemmene på høyring, og vert vedteken i neste Regionrådsmøte.</p>
<p>Sak 58/15</p>	<p>Meldingar og eventuelt</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kreftkoordinator i kommunane Anne Hildegunn Færøy informerte om status for sak om felles kreftkoordinator i kommunane. Kommunalsjefane vurderer tiltaket som godt og støttar etablering av ei prosjektstilling, men utan at alle kommunane deltek. Kommunane Lindås, Radøy, Meland, Fedje og Modalen vil samarbeida om ein kreftkoordinator i eit 3-årig prosjekt. Kommunane Austrheim, Gulen, Masfjorden og Osterøy har meldt at dei ikkje ynskjer å vere med i denne ordninga. Søknad er sendt Kreftforeininga om å dekke 75% av kostnadene til stillinga, og resterande 25% blir fordelt etter gjeldande fordelingsnøkkel på samarbeidskommunane. 2. Vidareføring av nettverk, samarbeid og utvikling av Lærings- og mestringstenseter Kommunalsjefgruppa har slutta seg til at kommunane i Region Nordhordland samarbeider om vidareføring av deltaking i nettverk for læring og meistring mellom helseføretaket og dei 23 kommunane i Helse Bergen føretaksområde, samt vidareføring og utvikling av interkommunalt læring og meistringstilbod i Nordhordland. Vidare at ein har eit felles prosjekt i 2016, der Radøy kommune står som ansvarleg for tiltaket og ivaretar arbeidsgjevaransvaret for koordinator. I utgangspunktet ber ein om at det vert søkt ekstern finansiering av tiltaket, men kommunane stiller garanti for kostnadene som er knytt til prosjektet dersom ein ikkje får tilslag på eventuelle søknader. 3. Skriv til nytnemnt politimeister framtidig organisering Forslag til brev til nytnemnt politimeister i nye Vest politidistrikt om organiseringa av nærpolitiet i Nordhordland – og invitasjon til dialog og møte var sendt ut på førehand. Vedtak: Regionrådet var positiv til innhaldet og dagleg leiar fekk i oppdrag å ferdigstilla skrivet med merknadar som kom fram i møtet og senda det ut når politimeisteren er på plass.

4. **Hordaland fylkeskommune er i ferd med å starte arbeidet med regional planstrategi for perioden 2016-2020**

Arbeidet med regional planstrategi for perioden 2016-2020 er under oppstart. Det er forslag om å oppretta ei samrådsgruppe leia av fylkesordføraren og med representantar frå kvar region valt frå ordførarane i regionråd. Administrasjonen hadde forslag om at regionrådsleiar vart oppnemnt med nestleiar som vara.

Vedtak:

Regionrådet slutta seg til forslaget frå administrasjonen, og vedtok at regionrådsleiar vart oppnemnt til samrådsgruppa frå regionen med nestleiar som vara.

Knarvik, 17. desember 2015



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 53-15 Presentasjon - jordmasseprosjektet